

Nr I/2020

Rettleiar for miljø-, transport- og anleggsplan for bygging av nettanlegg

*Even Vegard Dalen, Anne Johanne Kråkenes og
Inger Helene Waagaard Riddervold*



Veileder nr I-2020

Rettleiar for miljø-, transport- og anleggsplan for bygging av nettanlegg

Utgitt av: Noregs vassdrags- og energidirektorat

Redaktør: Even Vegard Dalen

Forfattarar: Even Vegard Dalen, Anne Johanne Kråkenes og
Inger Helene Waagaard Riddervold

Trykk: NVEs hustrykkeri

Forsidefoto: Stig Storheil, NVE

ISBN: 978-82-410-1983-8

ISSN: 1501-0678

Samandrag: Målgruppa for rettleiaren er primært konsesjonæren og konsulentar som utfører planleggings- og utgreiingsarbeid knytt til vilkåret om MTA-plan for bygging av nettanlegg. I rettleiaren kan ein finne skissa til ein struktur som det er ønskeleg at konsesjonæren bruker når planar blir utarbeidde.

Rettleiaren vil og gi nyttig informasjon og rettleiing til kommunen og andre som tiltaket har verknader for.

Emneord: NVE, nettanlegg, kraftleidningar, transformatorstasjonar, overføringsanlegg, miljøtilsyn, MTA-plan, miljø-, transport- og anleggsplanar

Noregs vassdrags- og energidirektorat
Middelthunsgate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95

Epost: nve@nve.no

Internett: www.nve.no

Januar 2020

Innhald

Forord	5
1 Innleiing.....	6
1.1 Innhaldet i rettleiaren	6
1.2 Formålet og hovudinnhaldet i ein MTA-plan	6
1.3 Nedlegging krev eigen MTA-plan	6
2 Søknad om godkjenning av MTA-plan.....	7
2.1 Saksbehandling av MTA-plan	7
2.2 Høyring av MTA-planen og involvering	7
2.3 Rettsverknad av godkjend MTA-plan	8
3 Oppfølging frå konsesjonæren	9
3.1 Konsesjonærens internkontroll for miljøkrav	9
3.2 Om rett til bruk av privat eigedom	9
4 Oppfølging frå NVE.....	10
4.1.1 Byggefase.....	10
4.1.2 Driftsfase.....	11
5 Struktur og innhald i ein MTA-plan.....	12
5.1 Innhaldet i kapittel 5	12
5.2 Innleiing	12
5.2.1 Skildring av prosjektet	12
5.2.2 Bakgrunn og innhaldet i planen	12
5.2.3 Formål med MTA-plan	12
5.2.4 Framdriftsplan	12
5.3 Anlegget, konsesjonæren og organisering	12
5.4 Konsesjonsvilkår	13
5.4.1 Oppsummering av konsesjonsvilkår	13
5.4.2 Involvering ved utarbeiding av MTA-plan	14
5.4.3 Vilkår om samordning	15
5.5 Avvik mellom konsesjon og MTA-plan	15
5.6 Kunnskapsgrunnlaget og krav etter anna lovverk.....	17
5.6.1 Oppdatert kunnskapsgrunnlag	17
5.6.2 Krav etter anna lovverk	17
5.7 Dokumentasjon på korleis tiltaket skal gjennomførast.....	18
5.7.1 Innleiing	18
5.7.2 Oversikt over korleis gjennomføringa kan presenterast.....	18
5.7.3 Kart og teikningar	20
5.7.3.1 Innleiing	20
5.7.3.2 Oversiktskart	20
5.7.3.3 MTA-kart	21
5.7.3.4 Teikningar av transformatorbygg	23
5.7.3.5 Kraftsensitiv informasjon.....	23
5.7.4 Skildring av anleggsarbeidet - terrenginngrep og istandsetting	23
5.7.4.1 Innleiing	23

5.7.4.2	Terrenginngrep og transport	23
5.7.4.3	Istandsetting	26
5.7.5	Avbøtande tiltak i anleggsperioden	27
5.7.6	Forureining og avfall.....	27
5.8	Prosjektilpassa kontrollplan.....	28
6	Sluttrapport	28
7	Sentrale uttrykk.....	29
Litteraturliste		33
Lover.....		33
Forskrifter.....		33
Rettleiarar		33
Rapportar, faktaark og anna.....		34

Forord

I konsesjonar for anlegg for overføring av kraft, gitt i medhald av energilova § 3-1 om anleggskonsesjon, er det vanlegvis sett vilkår om at konsesjonären skal utarbeide ein miljø-, transport- og anleggsplan (MTA-plan). Planen skal godkjennast av Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) før byggearbeida kan setjast i gang.

Formålet med rettleiaren er å bidra til at MTA-planen blir utarbeidd med ein tilfredsstillande kvalitet slik at MTA-planen kan behandles. Rettleiaren omtaler forhold som må vurderast og skildrast i planen, og skisserer ein struktur som det er ønskeleg at konsesjonærane bruker. Ein grundig og gjennomarbeidd plan er eit godt utgangspunkt for eit effektivt saksarbeid i NVE.

Rettleiaren er hovudsakleg utarbeidd for konsesjonærar som har vilkår i konsesjonen om MTA-plan. Han gir rettleiing til konsulentar som bidreg med utarbeiding av MTA-plan. Rettleiaren er også nyttig for kommunen og andre som tiltaket har verknader for.

Denne rettleiaren erstattar rettleiar 6/2011 frå NVE. Den gamle rettleiaren 6/2011 omfatta MTA-plan både for vindkraftverk og nettanlegg. I 2016 publiserte NVE ein eigen rettleiar for MTA-plan for vindkraftverk med namnet *Rettleiar for utarbeiding av detaljplan og miljø-, transport- og anleggsplan (MTA) for vindkraftverk 1/2016*. Når vi no også publiserer ein eigen rettleiar for MTA-plan for nettanlegg, vil derfor heile den gamle rettleiaren 6/2011 bli erstatta.

Denne rettleiaren tar spesielt sikte på byggefasen. *Veileder for internkontroll for krav til miljø og landskap for energianlegg 8/2018* tar spesielt sikte på driftsfasen. Dei to rettleiarane bør lesast i samanheng.

NVE har dei siste åra behandla mange MTA-planar for nettanlegg, og vore ute på tilsyn i samband med bygging av fleire nettanlegg. Eitt av måla med denne oppdaterte rettleiaren er å formidle erfaringane våre frå dette arbeidet.

Rettleiaren vil berre bli utgitt digitalt på NVE si heimeside (www.nve.no), og han vil bli revidert etter behov. Miljøtilsynet i NVE har eigne nettsider: <https://www.nve.no/vann-vassdrag-og-miljo/miljotilsyn/>

Rettleiaren er utarbeidd av NVE. I samband med arbeidet er det henta inn innspel frå nettselskap og konsulentfirma. Vi takkar for innspela.

Oslo, januar 2020



Ingunn Åsgard Bendiksen
direktør



Øyvind Leirset
seksjonsleiar

1 Innleiing

1.1 Innhalde i rettleiarene

Denne rettleiarene skildrar kva ein miljø-, transport- og anleggsplan (MTA-plan) for anlegg for overføring av kraft med tilhøyrande infrastruktur som har anleggskonsesjon etter energilova § 3-1, må og bør innehalde.

I kapittel 2 blir behandlinga av søknad om godkjenning av MTA-plan skildra. Kapittel 3 inneheld blant anna informasjon om korleis NVE følger opp byggefase og om krav til internkontroll hos konsesjonæren.

Kapittel 4 er hovudkapittelet i rettleiarene. Kapittel 4 framstiller ein tilrådd struktur og kva som bør skildrast i ein MTA-plan. Kapittel 5 inneheld ei kort rettleiing om når NVE kan krevje sluttrapport og kva denne må innehalde. Til slutt har vi forklart innhalde i sentrale uttrykk i kapittel 6.

Nettanlegg som blir bygde i medhald av områdekonsesjon etter energilova § 3-2, blir ikkje omtalte i denne rettleiarene. Sjå NVE si heimeside for informasjon om [områdekonsesjonar](#).

1.2 Formålet og hovudinnhalde i ein MTA-plan

Formålet med ein MTA-plan er å sikre at anlegget blir bygd i samsvar med krav i konsesjonen. MTA-plan er ein plan for korleis ein vil ta vare på miljøet under bygging, gjennom ei skildring av transport og anleggsarbeidet.

Ein MTA-plan må følge opp og konkretisere den overordna arealdisponeringa som er fastsett i konsesjonen. MTA-planen kan med andre ord ikkje endre krav eller vilkår som er fastsett i konsesjonen slik som trasé, spenningsnivå og plassering av permanente bygg og anlegg.

Ein godkjend MTA-plan må brukast av konsesjonæren til gjennomføring av tiltaket og av NVE til kontroll med tiltaket. Det er konsesjonæren som har ansvaret for at entreprenørane følger den godkjende planen.

MTA-planen må omfatte anlegget og alle hjelpeanlegg og skildre korleis anleggsvegar, masseuttak, lagring av massar, riggplassar og utforming av tekniske inngrep må gjennomførast.

Til kvar anleggskonsesjon har NVE utarbeidd eit notat med tittel *Bakgrunn for vedtak*. Notatet gir blant anna ei framstilling av viktige fakta som ligg til grunn for konsesjonen. MTA-planen må vere i samsvar med vilkår og føresetnader som går fram av konsesjonen, notatet *Bakgrunn for vedtak* og eventuelle krav i klagevedtak frå Olje- og energidepartementet. Det kan vere ulike tema, krav og miljøforhold som er relevante for det einskilde anlegget (prosjektspesifikke tema) og som må skildrast i MTA-planen.

1.3 Nedlegging krev eigen MTA-plan

Nettanlegg med konsesjon etter energilova § 3-1 kan ikkje leggast ned utan løyve frå NVE. Seinast eit år før konsesjonstida går ut, må konsesjonæren søke NVE om

forlenging. Dersom konsesjonæren ikkje vil drive anlegget under konsesjonstida, må det søkast NVE om nedlegging etter energilovforskrifta § 3-5 bokstav d.

Dersom NVE gir løyve til nedlegging, vil vi stille vilkår i løyvet om utarbeiding av eigen MTA-plan for nedlegginga. Innhaldet i ein MTA-plan for nedlegging kan i all hovudsak følge råda i denne rettleiaren så langt han passar.

2 Søknad om godkjenning av MTA-plan

2.1 Saksbehandling av MTA-plan

Konsesjonæren har ansvaret for å utarbeide ein MTA-plan som skal leggast fram for NVE til godkjenning. Ein føresetnad for ei effektiv saksbehandling er at planen inneheld det som er nødvendig for å vere i samsvar med dei vilkåra og føresetnadene som går fram av konsesjonen med notatet *Bakgrunn for vedtak*, og eventuelle nye vilkår i klagevedtak frå Olje- og energidepartementet.

Før NVE tek planen til behandling, blir det vurdert om saka er tilstrekkeleg opplyst, jf. forvaltningslova § 17. Dersom NVE vurderer saka til ikkje å vere tilstrekkeleg opplyst, må konsesjonæren supplere MTA-planen med meir informasjon. NVE vurderer også om arealbruken i MTA-planen er i samsvar med arealbruken som ligg til grunn for konsesjonsvedtaket. Dersom planen er mangefull, vil det kunne føre til forlenga saksbehandling.

Det kan vere aktuelt med ei synfaring på barmark før saka blir behandla, og i tillegg dialogmøte med aktuelle kommunar i større saker.

2.2 Høyring av MTA-planen og involvering

Det er bestemt i konsesjonen at MTA-planen skal utarbeidast i kontakt med aktuelle kommunar(r), grunneigar(ar) og andre rettshavar(ar). Det betyr at det må ha vore dialog med desse om MTA-planen og dei verknadene tiltaket har for den einskilde, før planen blir send til NVE for godkjenning. Involvering kan til dømes vere møte, synfaring eller skriftleg uttale.

Ved bygging av nye kraftleidningar kan det vere fleire hundre grunneigarar og rettshavarar som tiltaket har verknader for i større eller mindre grad. Dialogen med grunneigarar og rettshavarar bør vere avpassa dei verknadene tiltaket har for vedkommande. Til dømes bør konsesjonæren ha meir dialog med eit reinbeitedistrikt der tidspunkta for anleggsarbeidet vil ha stor betydning, enn med ein grunneigar som tiltaket vil ha mindre negative verknader for.

Kravet om at partane i saka må varslast og få høve til å uttale seg før NVE eventuelt treffer vedtak om godkjenning av MTA-planen, følger også av forvaltningslova § 16. Det er derfor eit minimum at dei som er partar i saka, blir varsla skriftleg om MTA-planen og gitt høve til å uttale seg. Forvaltningslova § 2 første ledd bokstav e bestemmer at den «som en avgjørelse retter seg mot eller som saken ellers direkte gjelder», er part.

Fylkesmannen må involverast dersom tiltaket kan ha verknader for viktige naturverdiar når desse spørsmåla ikkje fullt ut er avklart i konsesjonsbehandlinga. Det same gjeld kontakt med fylkeskommunen dersom tiltaket kan komme i konflikt med kulturminne. I tillegg bør andre relevante myndigheter, slik som Statens vegvesen og Sametinget, involverast dersom det er relevant for saka. Korleis denne prosessen har vore, må gå fram av MTA-planen, sjå kapittel 5.4.2. I tillegg må det gå fram om det har vore usemje mellom partane.

Dersom NVE vurderer at det ikkje har vore tilstrekkeleg involvering eller saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst, vil vi sende planen på ny høyring til aktuell(e) kommune(ar) og andre myndigheter som er relevante for saka, med tre vekers høyringsfrist.

Konsesjonæren må informere grunneigar(ar) og rettshavar(ar) om høyringa. Krava i forvaltningslova om utgreiing av saka inneber at NVE som hovudregel ikkje kan godkjenne planen før planen har vore på høyring eller konsesjonæren har sørga for at saka er godt nok opplyst med innspel frå kommune(ar), myndigheter og rettshavarar.

2.3 Rettsverknad av godkjend MTA-plan

Krav til utarbeidning og godkjenning av MTA-plan går fram av vilkår i anleggskonsesjonen. Det er sett som vilkår at konsesjonæren ikkje kan setje i gang anleggsarbeida før MTA-planen er godkjend.

Ei avgjerd om godkjenning av MTA-plan er eit enkeltvedtak og blir behandla i samsvar med reglane i forvaltningslova. Partar og andre med rettsleg klageinteresse i saka der vi behandler MTA-planen, kan klage på vedtaket innan klagefristen på 3 veker.

Utgangspunktet i forvaltningslova er at ein klage ikkje får utsettande verknad for vedtaket, med mindre anna er bestemt i det einskilde tilfellet av NVE eller Olje- og energidepartementet.

Ei klage som gjeld spørsmål som er avgjort i konsesjonen, vil ikkje kunne få ei ny behandling som klage på MTA-vedtaket. Kven som er partar og kven som har rettsleg klageinteresse, blir vurdert konkret etter reglane i forvaltningslova. Ved ein klage vil NVE ut frå klagegrunnane vurdere om vedtaket skal gjerast om, klagen avvisast eller om saka skal sendast Olje- og energidepartementet for endeleg behandling.

Ein godkjend MTA-plan er rettsleg bindande for konsesjonæren. Dette inneber at andre tiltak og anna arealbruk enn det som er omtalte i ein godkjend plan, må avklarast med NVE på førehand. Manglande etterleving av MTA-planen frå konsesjonæren eller representantar for konsesjonæren kan føre til reaksjonar frå NVE. Vi kan for eksempel gje pålegg om retting, stans i bygging, tvangsmulkt og lovbrotsgebyr.

Undervegs i anleggstida vil det kunne bli nødvendig med mindre eller større endringar av MTA-planen. Alle endringar må meldast til NVE. Vi vil vurdere om endringa kan gjerast innanfor ramma av allereie godkjend MTA-plan eller om det er nødvendig med nytt vedtak for MTA-planen eller ny konsesjon. Avvik mellom konsesjon og MTA-plan er omtalt i kapittel 5.5 nedanfor.

Dersom NVE godkjenner planen, blir det ofte sett vilkår for godkjenninga av omsyn til ulike interesser i området der nettanlegget blir etablert.

3 Oppfølging frå konsesjonæren

3.1 Konsesjonærens internkontroll for miljøkrav

Alle energianlegg som har konsesjon etter energilova kapittel 3 er underlagde kravet om internkontroll for krav til miljø og landskap, jf. energilovforskrifta § 3-7. NVE har utarbeidd ein rettleiar som forklarer innhaldet i kravet og korleis konsesjonæren kan oppfylle desse krava, sjå [NVE veileder 8/2018](#).

Kravet om internkontroll gjeld anlegget og tilhøyrande hjelpeanlegg, for eksempel anleggsvegar, riggområde og område for lagring av massar. Kravet gjeld for heile livsløpet til anlegget, frå bygging og drift og fram til anlegget er nedlagt.

Internkontrollsystemet må tilpassast det enkelte anlegget og aktiviteten ved anlegget. Kunnskap om miljøkvalitetane i områda der anlegget er plassert, og korleis aktiviteten påverkar desse kvalitetane, vil i stor grad vere avgjerande for innhaldet i systemet. God planlegging og vurdering av dei risikoane prosjektet har for miljø og landskap, vil sikre god tilpassing av systemet. Det er derfor ein samanheng mellom kravet om internkontroll og kravet til utarbeiding av MTA-plan. Det er mykje av den same informasjonen som konsesjonæren må legge inn i både MTA-planen og i internkontrollsystemet. Dette gjeld mellom anna restriksjonsområde, naturverdiar og andre spesielle omsyn som må takast.

Utbyggjar vil ofte ha eit internkontrollsysteem for å oppfylle anna regelverk, som for eksempel forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter av 6.12.1996 nr. 1127 (internkontrollforskrifta). Oppfølging av krava til miljø og landskap etter energilovforskrifta § 3-7, kan innarbeidast i eit eksisterande internkontrollsysteem. Ved ei slik løysing må dokumentasjon for korleis ein har tatt vare på krava i § 3-7, gå klart fram.

NVE har ansvaret for å føre tilsyn med at internkontroll for landskap og miljø blir etablert og brukt. Tilsynet kan gjennomførast ved systemrevisjonar.

3.2 Om rett til bruk av privat eigedom

Konsesjonæren har ansvar for at dei privatrechtslege eigedomsrettslege forholda er avklarte før anleggsarbeidet startar. Bruk av areal utan at dette er avklart, vil innebere ulovleg bruk av andre sin eigedom.

Ein konsesjon er eit løyve frå myndighetene som gjer offentlegrettsleg rett til å bygge, drive og eige elektriske anlegg. Ein konsesjon gir likevel ikkje konsesjonæren rett til å bygge og drive elektriske anlegg på privat eigedom. Bygging og drift av elektriske anlegg krev derfor avtale med grunneigarar og rettshavarar, heimel i lov¹ eller vedtak om samtykke til oreigning. NVE kan gi slikt samtykke til oreigning dersom konsesjonær ikkje klarer å oppnå minneleg avtale om bruksrett til eigedomar som er omfatta av det elektriske anlegget og tiltaket som skal gjennomførast. Dette forutset at tiltaket "tvillaust er til meir gagn enn skade".

¹ I lov 10.6.1977 nr. 82 om motorferdsel i utmark og vassdrag er det gitt rettar til motorferdsel i utmark direkte i lova § 4.

Der det er fatta vedtak om samtykke til oreligning, kan konsesjonæren også søke om å tiltre på førehand for å starte byggearbeidet. Det å tiltre på førehand betyr at anleggsarbeidet blir sett i gang før skjønn er gjennomført og erstatninga er fastsett. NVE kan gi samtykke til at oreligningsinngrepet blir sett i verk før det ligg føre eit rettskraftig skjønn, jf. § 25 i oreligningslova. Kva ein søknad om å tiltre på førehand skal innehalde, er omtalt i [NVEs veileder 4/2013](#).

I tilfelle der konsesjonæren har erverva rettar til bruk av privat eigedom, men der det seinare blir endringar i prosjektet som fører til ny arealbruk utover den som er skildra i konsesjonen, må konsesjonæren undersøke om han også har rett til det nye arealet, jf. kapittel 5.5. Om endringane fører til at nye grunneigarar blir påverka, er det nødvendig med ein ny søknad om samtykke til oreligning dersom det ikkje er mogleg å inngå frivillige avtalar med dei aktuelle grunneigarane. For endringar som fell utanfor ramme til konsesjonen, vil det også vere nødvendig med ein ny søknad om konsesjon.

4 Oppfølging frå NVE

4.1.1 Byggefasen

NVE har ansvar for å føre kontroll med at konsesjon og MTA-planen blir etterlevd i byggefasen. Kontrollen kan gjennomførast som inspeksjon på anlegget eller som dokumentkontroll av etterspurt dokumentasjon. NVE vil ta initiativ til slike kontrollar, men det kan også utførast kontrollar på oppfordring frå andre.

Det vil normalt i byggefasen bli gjennomført éin eller fleire kontrollar av byggearbeida. Etter kontrollen vil NVE utarbeide ein rapport som dokumenterer NVE si vurdering og eventuelle avvik som må utbetraast. Kor mykje kontroll som blir gjennomført, vil variere. Dette avheng mellom anna av omfanget, risiko for miljøskade, tips om moglege lovbroter og kompleksiteten ved tiltaket.

Etter at byggefasen er avslutta, er konsesjonæren ansvarleg for å dokumentere overfor NVE at anlegget har blitt bygd i samsvar med godkjend MTA-plan, vilkår og føresetnader som går fram av konsesjonen, notatet *Bakgrunn for vedtak* og eventuelle krav i klagevedtak frå Olje- og energidepartementet. Konsesjonæren må sende inn ein sluttrapport dersom dette er sett som vilkår i MTA-vedtaket. Sjå nedanfor om dette under kapittel 6.



Figur 1. NVE ute på synfaring (Kjelde: NVE).

4.1.2 Driftsfasen

NVE fører øg tilsyn i driftsfasen. Drift og vedlikehald av nettanlegget må følge krav fastsett i medhald av energilova med forskrifter. Dette gjeld mellom anna krav til sikkerhet, beredskap², tilgang til personell³, internkontroll⁴ og konkrete krav til miljø og landskap som NVE eller OED har sett for anlegget.

Kraftberedskapsforskrifta stiller mellom anna krav til fysisk sikring av anlegg. Sjå NVE si heimeside for meir informasjon om kraftberedskap. Konsesjonæren må vurdere andre krav som er relevante for det konkrete anlegget.

² Sjå kraftberedskapsforskrifta.

³ Sjå energilovforskrifta § 3-6.

⁴ Sjå energilovforskrifta § 3-7.

5 Struktur og innhald i ein MTA-plan

5.1 Innhaldet i kapittel 5

I kapittel 5 gir vi ei oversikt over kva for opplysningar som må gå fram av MTA-planen og kva for kunnskap ein må ta omsyn til når ein utarbeider planen.

Vi tilrår at konsesjonären følger strukturen i kapittel 5.2 til 5.8 ved utarbeidning av ein MTA-plan. Tiltakshavar bør bruke eit lettfatteleg språk og utforming.

5.2 Innleiing

5.2.1 Skildring av prosjektet

Innleiinga til MTA-planen bør innehalde ei kort skildring av prosjektet. Dette omfattar mellom anna kvar i landet anlegget ligg, kva slags anlegg det er og kva slags miljøkvalitetar som i hovudsak blir påverka. Skildringa må skrivast slik at mottakarane av planen lett kan forstå saka. Eit oversiktskart som viser anlegget, kommunen og stadnamn, vil ofte vere nyttig for NVE og dei som får planen på høyring.

5.2.2 Bakgrunn og innhaldet i planen

I dette underkapittelet bør konsesjonären mellom anna skrive kort om konsesjonsprosessen. Til dømes bør planen opplyse dato for søknad om konsesjon, dato for konsesjon og eventuell behandling av klage og bakgrunnen for konsesjonen.

Dette kapittelet bør også innehalde ei avgrensing av kva MTA-planen omhandlar og gjere rede for oppbygging av dokumentet.

5.2.3 Formål med MTA-plan

Skriv ein kort omtale av formålet med MTA-planen.

5.2.4 Framdriftsplan

MTA-planen må innehalde ein framdriftsplan for anleggsarbeidet.

5.3 Anlegget, konsesjonären og organisering

Opplysningar om anlegget, anleggseigar og organisering må gå fram av planen, gjerne i ein tabell, jf. Tabell 1. Tabellen kan leggast ved MTA-planen som eit vedlegg, slik at han lettare kan oppdaterast om det blir nødvendig med endringar.

Det bør i tillegg gå fram av MTA-planen korleis internkontrollen/miljøstyringa er organisert og varetatt i prosjektet.

Tabell 1 Opplysningar om konsesjonären og organisering av bygginga

Namn på tiltaket:	
Kommune/-ar:	
Fylke:	

Navn på konsesjonen:		
NVE ref.:		
Innhald i konsesjonen:	Kort skildring av hovudkomponentane (kan også skiljast ut som eige punkt dersom det er eit omfattande tiltak)	
Konsesjonær	Navn:	Tlf.:
	Kontaktperson:	Tlf.:
Organisasjonsnummer		
Adresse		
Kontaktinformasjon byggefase	Kontaktperson:	Tlf.:
	Prosjektleiar – byggefase:	Tlf.:
	Byggeleiar:	Tlf.:
	Grunneigarkontakt:	Tlf.:
	Fagkompetanse miljø:	Tlf.:
	Fagkompetanse landskap:	Tlf.:
	Fagkompetanse skogrydding	Tlf.:

5.4 Konsesjonsvilkår

5.4.1 Oppsummering av konsesjonsvilkår

I anleggskonsesjonen er det stilt vilkår til løyvet. Formålet med Tabell 2 er å gå gjennom desse vilkåra og vise til kvar ein kan lese meir om vilkåra. Gjennomgangen av vilkåra vil også synleggjere dei spesielle omsyna som må takast under bygginga.

Tabell 2 Oversikt over konsesjonsvilkår

Vilkår	Innhald i vilkåret	Merknad/avbøtande tiltak	Relevant kap./vedlegg i MTA-planen
Kart		Vise til kart over konsesjonsgitt trasé	
Konsesjonsgitte krav til kabel, master, linjer o.l.	Sjå konsesjon og notatet Bakgrunn for vedtak		

Konsesjonsgitte krav til transformatorstasjon			
1. Kor lenge varer konsesjonen			
2. Fornyning			
3. Bygging			
4. Drift			
5. Nedlegging			
6. Endring av konsesjonen			
9. Miljø-, transport- og anleggsplan			
10. Trasérydding			
11. Trua/sårbare artar			
12. Trua/sårbare naturtypar			
13. Kulturminne			
14. Friluftsliv			
15. Drikkevatn			
16. Reindrift			
17. Luftfart			
Eventuelt andre vilkår			

5.4.2 Involvering ved utarbeiding av MTA-plan

Involvering ved utarbeiding av MTA-planen er eit vilkår i konsesjonen og ein viktig føresetnad for at NVE skal kunne fatte vedtak. Mange konsesjonar har krav til partar som skal involverast i den konkrete. Korleis vilkåret er oppfylt, må vere dokumentert i MTA-planen. Sjå punkt 2.2 ovanfor.

Tabell 3 Dokumentasjon på involvering i utarbeidingsa av MTA-plan.

Kven	Type involvering (for eksempel møte, synfaring, skriftleg uttale)	Dato	Referanse til vedlegg i MTA-planen
Kommunen/ane			

Grunneigarar, jf. konsesjonsvedtaket			
Andre med rettar i området, jf. konsesjonsvedtaket			
Nye med rettar i området jf. endringar i planleggingsfasen			
Reindrift			
Fylkesmannen			
Fylkeskommunen			
Sametinget			
Mattilsynet			
Luftfartstilsynet			
Statens vegvesen			
Kystverket			
(lista er ikkje uttømmande)			

Konsesjonæren bør òg vurdere om det er andre enn dei som er nemnde her, som må involverast i planprosessen. I tabell 3 nedanfor er det ei liste over andre som bør involverast, avhengig av det konkrete tiltaket.

5.4.3 Vilkår om samordning

Dersom det i konsesjonen er sett vilkår om samordning med andre konsesjonærar eller andre prosjekt, må ein skildre korleis denne prosessen har vore og kva tiltak som eventuelt blir sette i verk for å redusere den totale belastinga for omgivnadene.

Dersom etableringa av nettanlegget fører med seg permanente eller mellombelse justeringar for andre eksisterande nettanlegg, må konsekvensane av dette skildrast i MTA-planen.

5.5 Avvik mellom konsesjon og MTA-plan

Den planlagde arealbruken må vere i samsvar med dei vilkåra og føresetnadene som går fram av konsesjonen med tilhøyrande kart, notatet *Bakgrunn for vedtak* og eventuelle klagevedtak frå Olje- og energidepartementet. Konsesjon fastset i all hovudsak spenningsnivå, trasé, permanent arealbruk til hovud- og hjelpeanlegg og om det må nyttast kabel eller linje.

Endringar av permanent arealbruk - enten utviding eller heilt ny arealbruk – føreset ny konsesjonsbehandling dersom endringa fell utanfor ramma til konsesjonen. Dette betyr at

konsesjonæren må sende inn ein søknad om endring av konsesjonen. Søknaden vil bli behandla i samsvar med krava i energilova § 2-1.

Konsesjonspliktige endringar kan til dømes vere:

- Traséjusteringar
- Nye permanente vegar
- Nye permanente massetak eller masselager
- Utviding/flytting/justering av areal for transformatorstasjon
- Nedgraving av topplinje
- Endra spenning for kraftleidningar og transformatorar
- Endring frå linje til kabel eller omvendt

NVE vil vurdere kva for endringar som er konsesjonspliktige og kva for endringar som kan godkjennast gjennom behandling av MTA-planen. Ein hovudregel er at justeringar som kjem nye grunneigarar ved, alltid må konsesjonsbehandlast. Eventuelle konsekvensar som endringane medfører for miljø og samfunn, må utgjera sjølv om ei planendring ikkje blir vurdert som konsesjonspliktig.

Det kan gjerast mindre justeringar av til dømes leidningstrasé og trasear for vegar i MTA-planen dersom desse er innanfor ramma til konsesjonen. Det må komme tydeleg fram i MTA-planen kva endringar som er gjorde i arealbruken samanlikna med det som var vedteke gjennom anleggskonsesjonen. Endringane må gjerne visast i ein tabell, sjå Tabell 4 for eksempel.

Tabell 4 Avvik mellom konsesjon og MTA-plan

Tema (spesifiserte i konsesjonen)	Konsesjonen seier dette	NVE-notatet Bakgrunn for vedtak/NVE si innstilling til OED seier dette	Endringar i forhold til konsesjonen
Trasé	Vise til kart som illustrerer endringane		
Linje			
Sjøkabel			
Jordkabel			
Vegar			
Riggplass			
Masselager			
Massetak			
Areal transformatorstasjon			

Bygg transformatorstasjon			
(lista er ikke uttømmande)			

5.6 Kunnskapsgrunnlaget og krav etter anna lovverk

5.6.1 Oppdatert kunnskapsgrunnlag

Uavhengig av om konsesjonen er av gammal eller ny dato, må konsesjonæren sørge for at MTA-planen blir utarbeidd på oppdatert og dekkande kunnskapsgrunnlag i tråd med dei alminnelege utgreiingskrava i forvaltningslova § 17, naturmangfaldlova § 8 og forskrift om konsekvensutgreiingar § 28.

I arbeidet med MTA-planen må konsesjonæren gå gjennom kunnskapsgrunnlaget frå konsesjonen og eventuelt oppdatere det dersom det har komme til ny kunnskap. Ny kunnskap kan komme frå dialogen med kommunar, grunneigarar og andre. Tema som er skildra i konsesjonssøknaden, konsesjonen og bakgrunn for vedtak, og som etter ei konkret vurdering eventuelt må oppdaterast eller leggast til i søknad om godkjenning av MTA-plan, er:

- naturmangfald
- naturfare
- friluftsliv
- drikkevatn
- kulturminne
- reindrift
- landbruk
- vassdrag og kantvegetasjon

5.6.2 Krav etter anna lovverk

Sjølv om det er gitt konsesjon etter energilova, må konsesjonæren likevel følge plikter i anna lovverk. Av omsyn til ei god koordinering av tiltaket opp mot andre myndigheiter sine regelverk og krav, ønsker NVE å få opplysningar i MTA-planen om korleis krava frå andre myndigheiter blir varetatt. Dette gjeld mellom anna:

- forureiningslova
- kulturminnelova
- naturmangfaldlova
- reindriftslova
- veglova
- hamne- og farvannslova
- luftfartslova
- motorferdsellova

5.7 Dokumentasjon på korleis tiltaket skal gjennomførast

5.7.1 Innleiing

Dette kapittelet gir ei oversikt over kva for opplysningar som må gå fram av MTA-planen om gjennomføringa av anleggsarbeidet. Kapittel 5.7.3 inneholder kva som bør gå fram av kart. Kapittel 5.7.4 inneholder rettleiing om korleis gjennomføringa av terrenginngrep og istandsetting bør skildrast. I kapittel 5.7.5 rettleiar vi om korleis eventuelle avbøtande tiltak bør skildrast og kapittel 5.7.6 rettleiar om forureining og avfall.

Konsesjonæren må vise dei måla og krava konsesjonæren set til gjennomføringa av arbeidet. Ei løysing kan vere at ein tar for seg dei ulike anleggsobjekta. Alternativt kan ein gruppere planen ut frå ulike arbeidsoperasjonar.

5.7.2 Oversikt over korleis gjennomføringa kan presenterast

Utforming av anleggsobjekta må vere som i konsesjonen, men i MTA-planen må detaljane rundt utforminga skildrast og eventuelt avklara. Tema som må vurderast omtalt for dei ulike anleggsobjekta, er lista opp i Tabell 5, men er ikkje uttømmande. Det er gitt nærmare rettleiing om innhaldet i resten av kapittel 5.7.

Tabell 5 Anleggsobjekt og korleis gjennomføringa av dei kan presenterast

Anleggsobjekt	Kva må presenterast	Korleis presentere	Moglege avbøtande tiltak
Kraftleidning, jord- og/eller sjøkabelanlegg	Trasé inkl. mastepunkt Linje-/kabeltype Masteutføring Farge på mast Arealbruk mastepunkt Overgang leidning/kabel Førebyggande tiltak for å minimere skadar i terren	MTA-kart Skildre Skildre, skisse osv. Teikning og skildring av mast Skildre, ev. skisse Skildre, ev. skisse Skildre	
Transformatorstasjon ⁵	Relevant informasjon om tekniske og fysiske forhold Arealbruk	Skildre, MTA-kart Skildre, skisse	

⁵Krava til sikring i [kraftberedskapsforskrifta](#) må følgast. Så langt det passar, må krava i [TEK17](#) følgast. Gjerding og sikring må gjennomførast i tråd med gjeldande forskrifter.

	Materialbruk og farge bygg Fasade	Teikningar, foto osv.	
Massetak/-lager	Lokalisering Etablering av nye Tiltak på eksisterande Terrengtilpassing Etterbruk Istandsetting	Skildre, MTA-kart Skildre, MTA-kart Skildre, MTA-kart Skildre, skisse Skildre Skildre, visualisere	
Rigg-, trommel-, vinsjeplassar o.l.	Lokalisering Etablering av nye Tiltak på eksisterande Terrengtilpassing Istandsetting	MTA-kart Skildre, MTA-kart Skildre, MTA-kart Skildre, skisse Skildre	
Transport og vegar ⁶⁷	Trasé for vegar, både eksisterande og nye Korridor for køyrespor Istandsetting Tiltak på eksisterande vegar	Skildre, MTA-kart MTA-kart, skildre Skildre, skisse Skildre	Terrengforsterkande tiltak
Helikopter	Landingsplassar Restriksjonsområde Flytider	MTA-kart MTA-kart Skildre	

⁶ Tiltakshavar har i medhald av konsesjonen rett til å ta seg fram langs leidningen. Konsesjonæren må likevel overhalde krav i blant anna motorferdsellova, grunneigarar sine rettar og det kan vere nødvendig med dispensasjon frå verneforskrifter etter naturmangfaldlova. Trasé for køyrespor må gå fram av kart.

⁷ Ved omfattande transport langs offentleg veg, må forhold rundt vegstandard, behov for utbetringar, skilting og trafikktryggleikstiltak og avklaring med aktuell myndigkeit omtalast, jf. Kunnskapsgrunnlaget.

Omdisponering av dyrka mark	Alle anleggsobjekt	talfesting (daa)	
-----------------------------	--------------------	------------------	--

5.7.3 Kart og teikningar

5.7.3.1 Innleiing

MTA-planen bør innehalde oversiktkart og MTA-kart med restriksjonsområde som vedlegg. Sensitive opplysningar om naturmangfald og kraftsensitiv informasjon må takast inn i kart som kan skjermast for ålmenta.

Det må kunne lesast ut av kartet(-a) kva for inngrep som er mellombels og som skal tilbakeførast etter anleggsperioden, og kva for inngrep som er permanente.


For nokre anleggsdelar vil det vere nødvendig med fleire detaljar. I slike tilfelle må arealbrukskartet delast opp med meir detaljerte utsnitt av arealbruken i kvart enkelt område.

Konsesjonær og representantar for konsesjonären må bruke MTA-karta aktivt i anleggsperioden. Arealgrenser må merkast fysisk i terrenget der dette er formålstenleg, for eksempel der det må takast omsyn til spesielle lokalitetar som viktige naturtypar eller kulturminne.

For alle kart må målestokktal, målestokklinjal, ekvidistanse, nordpil og teiknforklaring vere med.

5.7.3.2 Oversiktskart

MTA-planen må innehalde eit oversiktskart (målestokk 1:50 000) som viser lokalisering av anlegga og trasé som det er gitt konsesjon til. Dersom anlegget av praktiske årsaker blir skrive ut over fleire kartblad, må det utarbeidast eit oversiktskart som viser korleis dei ulike kartblada ligg i forhold til kvarandre. Plassering av transformatorstasjon kan til dømes markerast slik i eit oversiktskart:




Figur 2. Eksempel på oversiktskart (Kjelde: Hammerfest Energi Nett).

5.7.3.3 MTA-kart

MTA-planen må også innehalde eit MTA-kart i egna målestokk, for eksempel 1:1000 eller 1:5000, som viser plassering av alle komponentar og installasjonar. Det gjeld mellom anna:

- trasé og mastepunkt for kraftleidningar og kablar
 - plassering av transformatorbygg/-stasjon, koplingsstasjon og servicebygg
 - riggområde, permanente og mellombelse masselager
 - masseuttak
 - permanente og mellombelse anleggsvegar
 - trasé for terrengetransport (køyrespor) både eksisterande og nye (kan visast som korridor)

Ein transformatorstasjon kan for eksempel kartfestast slik i eit MTA-kart:



Figur 3. Eksempel på MTA-kart for transformatorstasjon (Kjelde: Lyse Elnett, Multiconsult).


MTA-karta må også vise restriksjonsområde som for eksempel:

- viktige naturtypar og artan
 - verneområde
 - kulturminne
 - naturfare
 - viktige friluftslivsområde
 - drikkevatn

- reindrift og
- andre område som er komne fram gjennom konsekvensutgreiinga/konsesjonen eller i registrerte databasar, sjå 5.6 Kunnskapsgrunnlaget.

Sensitive opplysningar om naturmangfald må leggast inn på eige kart som blir skjerma for ålmenta, jf. [Miljødirektoratets retningslinjer for håndtering av sensitive artsdata M-606/2016](#).

Restriksjonsområde kan for eksempel kartfestast slik i eit MTA-kart:



Figur 4. Eksempel på MTA-kart for leidning med restriksjonsområde (Kjelde: Statnett, illustrasjonskart).

5.7.3.4 Teikningar av transformatorbygg

MTA-planen må innehalde målsette (1:100) fasadeteikningar og plan- og snitteikningar som viser materialbruk, fargeval og overgang til tilgrensande terrenget for service- og transformatorbygg og eventuelle andre bygg.

For permanente anlegg som blant anna transformatorbygg ønsker NVE øg kartfesting av eventuell ny eigedomsutforming. Konsesjonæren må sjølv søke kommunen om oppretting av ny eigedom dersom det må opprettast ei ny matrikleining.

5.7.3.5 Kraftsensitiv informasjon

NVE gjer merksam på at noko informasjon, som for eksempel nøyaktig kartfesting av kablar, er kraftsensitiv informasjon som må skjermast frå ålmenta, jf. kraftberedskapsforskrifta § 6-2. Denne type informasjon må derfor komme fram på eige kart som kan skjermast eller at kartfestinga av jordkabelen blir lagd inn som brei korridor.

Annan kraftsensitiv informasjon som einlinjeskjema eller detaljert informasjon om koplingsanlegg og drift er ikkje relevant for behandlinga av MTA-planar.

5.7.4 Skildring av anleggsarbeidet - terrenginngrep og istandsetting

5.7.4.1 Innleiing

MTA-planen må skildre korleis anleggsarbeidet skal utførast for dei ulike anleggsobjekta. Nødvendige tiltak for å redusere negative verknader av terrenginngrep og for istandsetting, må skildrast i MTA-planen.

Planen må ta omsyn til dei krava som er sette, jf. punkt 1.2 ovanfor. Dette gjeld for både hovud- og hjelpeanlegg. Det må også komme klart fram i tekst og kart kva som er mellombelse og permanente anlegg. Grensa for terrenginngrep rundt anlegget (ryddegrata) og eventuelle restriksjonsområde må vere markerte i kart, jf. kapittel 5.7.2.

Terrenginngrep må gjerast så skånsamt som mogleg for å avgrense skade på miljø og landskap. Miljøforsvarlege driftsmetodar, teknikk og lokalisering av anlegg må brukast, jf. [naturmangfoldlova § 12](#).

Alle område som er nytta mellombels i samband med anleggsarbeidet, må settast i stand og førast tilbake til tidlegare bruk etter at anlegget er etablert.

5.7.4.2 Terrenginngrep og transport

Konsesjonæren må vurdere om det er formålstenleg å utarbeide snitt- og planteikningar for dei ulike anleggsobjekta, designmanual eller handbok i terregnbehandling. For mindre anlegg kan det vere formålstenleg med målsette snitt- og planteikningar av hovud- og hjelpeanlegg. For større anlegg kan det vere formålstenleg med ein designmanual eller ei handbok i terregnbehandling som skildrar prinsipielle løysingar for dei ulike terrenginngrepa og korleis terrenginngrepa skal tilpassast landskapsformene i planområdet. NVE har gitt ut fleire publikasjonar knytt til terrenginngrep, for eksempel faktaark-serien [God praksis frå NVE](#).

Område med terregnmessige utfordringar eller der ein må ta spesielle omsyn, som for eksempel myr, store skjeringar og restriksjonsområde, må skildrast særskilt. Behovet for

målsette snitt- og planteikningar må vurderast. Skildringa må også vise dei tiltaka som er planlagde for å avgrense eller hindre skade.



Figur 5. Eksempel på terregnforsterkande tiltak i anleggstida. Venstre bilde viser bruk av matter. Høgre bildet viser et område etter at matter er fjerna. (Kjelde: NVE).

Terrengrtransport og anleggsvegar

Terregnkøring må planleggast og gjennomførast slik at ein unngår unødige terregnskadar og minimerer skadar. Tiltak for å redusere risikoen for terregnskadar må skildrast. Det bør brukast køyretøy med lågt marktrykk, og ein bør unngå transport på myr. Konsesjonären bør nytte eitt køyrespor. Dersom køyresporet blir planlagt som ein korridor, må prinsippet for tilpassing skildrast. Køyrespor i ryddebelte treng ikkje kartfestast, men prinsipp for tilpassing må skildrast.

NVE vil tilrå at ein ved planlegging av anleggsvegar nyttar *Normaler for landbruksveier* utgitt av Landbruks- og matdepartementet. Handboka frå Landbruks- og matdepartementet inneheld tekniske skildringar og skildringar av korleis anleggsarbeidet bør utførast. Handboka inneheld også dimensjonering og utforming av bruver, kulvertar og stikkrenner.



Figur 6. Eksempel på viftekøring. Dette skal ein ikkje gjøre, ein skal køyre i eitt spor (Kjelde: NVE).

Bruk av helikopter

Landingsplassar og bruk av helikopter må skildrast. Det må takast omsyn til restriksjonsområde (kapittel 5.7.3.3) og opplysast når ein skal fly.

Skogrydding

MTA-planen må omtale korleis skogryddinga er tenkt gjennomført, handtering av skogsavfall, korleis ein skal ta omsyn til viktige naturtypar, andre sårbare område/artar, friluftsliv og/eller kulturminne. Det må vurderast korleis skjermar av vegetasjon kan redusere dei visuelle verknadene av anlegget og tilhøyrande hjelpeanlegg, for eksempel vegar.

MTA-planen må omtale rydding av skog dersom tiltaket påverkar skogsareal. Nødvendig rydding av skog må ta utgangspunkt i gjeldande krav knytt til vegetasjon og kraftleidningar og bør baserast på [NVEs rettleiar 2/2016 Skogrydding i kraftledningstraséer](#). Dersom det er sett vilkår knytt til rydding av skog i anleggskonsesjonen, som for eksempel avgrensa skogrydding, må dette takast omsyn til.

Mastepunkt

Det må skildrast i MTA-planen kva type mastepunkt/fundament konsesjonæren skal ha. MTA-planen må innehalde forventa arealbruk, jording, korleis mastepunkta skal etablerast og korleis terrenghaulingen skal gjennomførast.

Riggplassar/massetak/masselager

Store terrenghauger som massetak/-lager må skildrast ved hjelp av skisser, fotomontasjar eller 3D-teikningar, jf. [NVEs faktaark](#).

Overgangen til terrenget rundt transformatorom, massetak/-lager og andre større terrenghauger må visast med kotar, illustrasjonar/teikningar eller fotomontasje. Uteareal som parkering og naturareal må planleggast, byggast og haldast ved like ut frå formålet sitt.

Kva metode som blir brukt for å stabilisere masselageret ved istandsetting, må skildrast.

Etablering av anlegg i sjø og vassdrag

Kryssing eller påverknad på vassdrag må omtala last for både mellombelse og permanente tiltak. Tiltak for istandsetting må skildrast. Det kan vere nødvendig med eigne løyve for inngrep i vassdrag og kantvegetasjon.

Konsesjonæren må ha kontakta Kystverket før etablering av sjøkabel med omsyn til krava i hamne- og farvasslova.

Omdisponering av dyrka mark eller dyrkbar jord

Dersom tiltak medfører at dyrka eller dyrkbar jord blir omdisponert, må konsesjonæren rapportere dette til NVE. Det må opplysast om omdisponeringa gjeld frigjorde eller nye beslaglagde areal. Kart og hjelpemiddel for berekning av areal av dyrka og dyrkbar jord

finnst i Norsk institutt for bioøkonomisk (NIBIOS) kartportalen Kilden (<https://kilden.nibio.no>) under Verktøy/Arealberegnning i KOSTRA.

- Dyrka jord omfattar fulldyrka jord (ARTYPE 21), overflatedyrka jord (ARTYPE 22) og innmarksbeite (ARTYPE 23).
 - Fulldyrka jord er areal som er dyrka til vanleg ployedjupne, og som kan nyttast til åkervekstar eller til eng som kan fornyast ved ploying.
 - Overflatedyrka jord er areal som for det meste er rydda og jamna i overflata, slik at maskinell hausting er mogleg.
 - Innmarksbeite er innmarksareal som kan nyttast som beite, men som ikkje kan haustast maskinelt. Minst 50 % av arealet må vere dekt av grasartar.
- Dyrkbar jord er areal som ved oppdyrkning kan settast i slik stand at det vil oppfylle krava til lettbrukt eller mindre lettbrukt fulldyrka jord. For dyrkbar jord skal det ikkje takast omsyn til om det for tida er ulønnsamt å dyrke opp jorda.

Areala må rapporterast i dekar, og det må skiljast mellom dyrka og dyrkbar jord. Det må givast informasjon om kommunenummer og fylkesnummer. Vilkåret gjeld for all dyrka og dyrkbar jord som blir omdisponert, med unntak av areal som blir mellombels beslaglagd i anleggsperioden.

5.7.4.3 Istandsetting

Anleggskonsesjonar set vilkår om at konsesjonæren skal gjere ei forsvarleg opprydding og istandsetjing av anleggsområda. Frist for opprydding og istandsetting er normalt to år etter at anlegget eller delar av anlegget er sett i drift. MTA-planen må skildre dei tiltaka som skal gjennomførast for å sikre at anleggsområdet er sett i stand slik at det er påført minst mogleg skade og ulempe for miljø og landskap når anleggsfasen er over. Skildringa må innehalde ein tidsplan.

Alle område som er nytta i samband med anleggsarbeidet må tilbakeførast til opphavleg bruk, med mindre inngrepet er godkjent som permanent. Naturleg revegeterering er hovudprinsippet for etablering av vegetasjon. Dersom det er behov for å så, må det opplysast om kva for område dette gjeld, og kva sort frøblanding det er planlagt å bruke. NVE oppmodar til bruk av stadeigne plantemateriale. Såing med frø som ikkje naturleg er på staden, krev løyve etter forskrift om [fremmede organismer](#).

Nødvendige tiltak for å redusere negative verknader av tiltaket må skildrast i MTA-planen. Dette omfattar istandsetting av masseuttak/-lager (permanente og mellombelse), lagring og bruk av avdekkingsmasse, revegeterering, tilbakeføring av mellombelse anleggsvegar og riggplassar med meir.

Det må skildrast korleis handtering av massar og terrenginngrep skal gjerast med tanke på handtering av overflatevatn og avrenning. Sjå [Veiledning i klimatilpasset overvannshåndtering](#) (Norsk Vann rapport 132-2008 og NVE si [heimeside](#) om urbanhydrologi for meir informasjon om vatnet sitt krinsløp knytt til område med bygningar.

5.7.5 Avbøtande tiltak i anleggsperioden

Dersom det i konsesjonen er stilt konkrete vilkår om avbøtande tiltak, til dømes korleis ein skal ta omsyn til omgivnadane, må dette skildrast.

Ved utarbeiding av MTA-plan må det vurderast tiltak som kan redusere eventuelle ulemper i anleggs- og driftstida, jf. ovanfor under 5.4.2. Det kan også ha komme innspeil og krav om avbøtande tiltak. Desse må skildrast og vurderast av konsesjonæren i MTA-planen.

Aktuelle avbøtande tiltak må gå fram av skildringa og kart. Døme på tiltak kan vere:

- justering av tidspunkta for anleggsarbeidet
- informasjon om anleggsarbeidet (skilt, informasjonsbrev til dei som er påverka og naboar, informasjonskanalar på sosiale media osv.)
- unngå anleggsarbeid i viktige periodar for brukarar av området (skirenn, påske, osv.)
- skjerming av vegetasjon
- tiltak for å sikre revegetering

NVE har gitt ut fleire publikasjonar knytt til ulike avbøtande tiltak. Desse publikasjonane er samla her: [Fagrapporтер og lenker](#). I mellom anna [NVE rapport 63:2012](#) er det fleire eksempel og tips på avbøtande tiltak ved transformatorstasjonar og koplingsanlegg.

5.7.6 Forureining og avfall

Det grunnleggande prinsippet i forureiningslova er at den som driv aktivitet som kan medføre akutt forureining, må sørge for ein nødvendig beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og avbøte verknadene av forureininga. Beredskapen må stå i eit rimeleg forhold til kor truleg ei akutt forureining er, og omfanget av eventuelle skadar og ulemper som kan inntrefte. Den ansvarlege har i tillegg plikt til å gjennomføre tiltak ved akutt forureining, eller fare for slik forureining.

Det må gå fram av MTA-planen korleis forureining og avfall skal handterast i anleggsperioden. Dette gjeld forureining og avfall frå anleggsverksemda, medrekna forureina overskotsmassar, men også korleis avfall frå for eksempel sanering av leidningar og sjøkablar skal handterast. Handteringa må vere i samsvar med dei krava som følger av forureiningslova. Omtalen må mellom anna ta for seg:

- kva type avfall/forureining som blir generert
- korleis avfallet er tenkt handtert

Som hovudregel for handtering av avfall gjeld forureiningslova (§ 32) som seier at næringsavfall skal fraktast til lovleg avfallsanlegg med mindre det kan gjenvinnast eller brukast på annan måte. Avfall må ikkje deponerast eller brennast i planområdet. Sjå meir i brev frå Miljødirektoratet datert 14.8.2018.⁸

⁸ <https://www.nve.no/Media/7030/brev-nve-mai-2018.pdf>

5.8 Prosjektilpassa kontrollplan

NVE har erfaring med at ein del konsesjonærar vel å utarbeide ein prosjektilpassa kontrollplan. Dersom det ikkje er sett vilkår om kontrollplan i konsesjonen, vil det ikkje vere eit krav. NVE ser at prosjektilpassa kontrollplan likevel ofte kan vere formålstenleg ved at kontrollplanen konkretiserer kva som skal gjerast, når og kven som har ansvaret. Ein prosjektilpassa kontrollplan vil også kunne bidra til at kravet om internkontroll blir varetatt og dokumentert, jf. kapittel 3.1. NVE gjer merksam på at ein slik kontrollplan ikkje skal godkjennast, men kan kontrollerast i samband med tilsyn av internkontrollsystemet.

6 Sluttrapport

Ved godkjenning av MTA-planen kan NVE sette vilkår om at det skal sendast inn ein sluttrapport etter at byggefase er avslutta.

Sluttrapporten må dokumentere at anlegget er bygd i samsvar med konsesjon med tilhøyrande vilkår og godkjend MTA-plan.

7 Sentrale uttrykk

Anleggsobjekt/anleggsdel	Anlegget kan delast inn i ulike anleggsobjekt/anleggsdelar som for eksempel transformatorstasjon, mastepunkt, anlegsveg, køyrespor, massetak og masselager.
Anleggsveg	Permanente eller mellombelse private vegar som er nødvendige for bygging eller drift av transformatorstasjon eller kraftleidningar og som ikkje er køyrespor. Anleggsvegar følger vanlegvis normalar for landbruksvegar frå Landbruks- og matdepartementet. Permanente vegar må ha konsesjon og mellombelse vegar kan godkjennast i MTA-planen.
Einlinjeskjema	Framstilling av dei tekniske spesifikasjonane i anlegget vist med enkle linjer.
Hjelpeanlegg	Hjelpeanlegg er alle anlegg som er nødvendige for å etablere og drifta anlegget, men som ikkje er elektriske anlegg i snever forstand, for eksempel riggplassar, masselager, massetak og vegar.
Høyring	Ei høyring skal hente inn synspunkt på søknaden og sørge for at saka er godt nok utgreidd til at det kan treffast vedtak, jf. forvaltningslova § 17. Ei høyring av MTA-plan gjennomfører ein ofte samtidig som partane i saka blir varsla og gitt høve til å uttale seg, jf. forvaltningslova § 16.
Internkontroll for krav til miljø og landskap	Internkontroll (eigenkontroll) er eit system som sikrar at konsesjonären sjølv planlegg og organiserer eit kontroll- og dokumentasjonssystem for å sikre oppfylling av krav fastsette i medhald av energilova. Alle konsesjonærar for nettanlegg er underlagde kravet til internkontroll for krav til miljø og landskap.
Køyrespor	Trasé for terrengrtransport (kan visast som korridor) som ikkje blir etablert eller er etablert som anleggsveg. Køyrespor blir

	nytta til lettare transport i terrenget og må som hovudregel tilbakeførast.
Konsekvensutgreiing	Ei konsekvensutgreiing er ei særskilt vurdering som må gjennomførast etter forskrift om konsekvensutredninger for større bestemte tiltak. Ei konsekvensutgreiing skal kartlegge konsekvensar tiltaket har for miljø og samfunn og må sendast inn saman med søknad om konsesjon. Konsekvensutgreiinga følger saksbehandlinga til anlegget er ferdigstilt. Det er ikkje krav om konsekvensutgreiing etter forskrifta i samband med MTA-planen.
Konsesjon	Alle nettanlegg treng løyve (konsesjon) frå NVE for å kunne byggast. Konsesjonen set rammer for tiltaket gjennom å fastsette trasé og løyve til permanente anleggsvegar og masselager.
	NVE set vilkår til løyvet som konsesjonären må oppfylle for å kunne bygge anlegget. Eitt av vilkåra er at konsesjonären utarbeider ein plan for miljø, transport og anleggsarbeidet (MTA-plan) som NVE må godkjenne.
Koplingsstasjon	Elektrisk anlegg som fordeler elektrisk energi utan transformator.
Kraftleidningstrasé	Linje som er markert på kart som viser kvar kraftleidning er plassert eller skal plasserast. Denne er fastsett gjennom konsesjonsbehandlinga.
Kunnskapsgrunnlag	Kunnskapen om dei faktiske forholda som er lagde til grunn for behandlinga av søknad om konsesjon eller MTA-plan.
Masselager	Lagringsplass for massar av ulike slag slik som stein, jord eller pukk (ikkje avfall og forureina massar, jf. forureiningslova og avfallsforskrifta kapittel 9). Eit permanent masselager må ha konsesjon. Eit mellombels masselager kan godkjennast gjennom godkjenning av MTA-planen.

Massetak	Ein stad for uttak av massar slik som grus, jord eller pukk.
Miljø-, transport- og anleggsplan (MTA-plan)	Ein plan som skildrar når, kven og korleis anlegget skal byggast innanfor den konsesjonen som er gitt.
MTA-kart	Kart som viser kvar transport av byggemateriale, personell og anna som er nødvendig, vil gå føre seg.
	MTA-kart viser kvar anleggsarbeidet blir gjennomført og mellombelse og permanente anleggsobjekt.
Restriksjonsområde	MTA-kart viser også korleis miljø (omgivnadene) blir varetatt i bygge- og driftsperioden gjennom restriksjonsområde og markering av interesser det må takast særskilt omsyn til.
Riggområde	Eit område med særskilte interesser som det må takast omsyn til ved bygging og drift. Det kan for eksempel vere tale om kulturminne eller naturverdiar.
Ryddegate/ryddebelte	Riggområde er areal for ulike typar riggar som for eksempel mellombels lagring av materiale, tømmer, avfall eller parkeringsplassar.
Servicebygg	Område der det er nødvendig at konsesjonæren fjernar vegetasjon eller tre.
Sedimentasjonsbasseng	Bygning som ikkje inneheld elektriske anlegg, men som er nødvendig for drift av anlegget. Bygget kan innehalde nødvendig utstyr, køyretøy og oppholdsrom for driftspersonell.
Terrengrtransport	Eit basseng som samlar opp partiklar.
Transformatorstasjon	Sjå definisjonen av køyrespor. Terrengrtransport går for seg utanfor mellombelse eller permanente anleggsvegar.
	Nettanlegg som fordeler og transformerer elektrisk energi mellom minst to spenningsnivå. Ein transformatorstasjon vil

ha transformatorar, brytarfelt og andre nødvendige høgspentanlegg.

Transformatorbygg

Anlegg med transformatorar som ligg inne i eit lukka bygg og som fordeler elektrisk energi.

Litterurliste

Lover

- Lov om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m. m. (energilova) av 1.1.1991.
- Lov om vassdrag og grunnvann (vassressurslova) av 24.11.2000.
- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova) av 27.06.2008.
- Lov om luftfart av 11.6.1993.
- Lov om oregning av fast eideidom (oreigningslova) av 23.10.1959.
- Lov om kulturminner (kulturminnelova) av 09.06.1978.
- Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova) av 19.06.2009.
- Lov om havner og farvann (hamne- og farvasslova) av 17.04.2009.
- Lov om reindrift (reindriftslova) av 15.06.2007.
- Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdsellova) av 10.06.1977.
- Lov om behandlingsmåten i forvaltningsaker (forvaltningslova) av 10.02.1967.

Forskrifter

- Forskrift om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m. m. (energilovforskrifta) av 01.01.1991.
- Forskrift om beredskap i kraftforsyningen (kraftberedskapsforskrifta) av 07.12.2012.
- Forskrift om tekniske krav til byggverk av 19.06.2017. (byggeteknisk forskrift, TEK 17).
- Forskrift om energiutredninger av 7.12.2012.
- Forskrift om konsekvensutredninger 21.6.2017.
- Forskrift om rapportering, registrering og merking av luftfartshinder av 15.07.2014.
- Forskrift om konsesjon for landingsplasser av 11.1.2007.
- Forskrift om elektriske forsyningsanlegg av 20.12.2005.
- Forskrift om fremmende organismer av 19.06.2015.

Rettleiarar

- Skogrydding i kraftledningstraséer. NVE veileder 2/2016.
- Flaum- og skredfare i arealplanar. Revidert 22.5.2014. NVE Retningslinjer 2/2011.
- Konsekvensutredninger – anerkjent metodikk og databaser for innlegging av data, KMD og KLD.
- Hensynet til kulturminner og kulturmiljø ved etablering av energi- og vassdragsanlegg. NVE veileder 2/04.
- Temaveileder: Energitiltak og plan- og bygningsloven, Klima- og miljødepartementet.
- Veileding til forskrift om forebyggende sikkerhet og beredskap i energiforsyningen, NVE.

- Veiledning om tekniske krav til byggverk, Direktoratet for byggekvalitet.
- Veileder for utforming av melding om bygging av kraftoverføringsanlegg, NVE veileder 5/2014.
- Veileder til internkontroll for krav til miljø og landskap for energianlegg, NVE veileder 8/2018.

Rapportar, faktaark og anna

- Brev fra Miljødirektoratet 14.5.2018 om krav knyttet til kreosotimpregnering og til lagring og bruk av kreosotimpregnerte materialer.
- Slipp fisken fram! DN Håndbok 22-2002.
- Normaler for landbruksveier – med byggebeskrivelse. Landbruksdepartementet og Landbruksdirektoratet.
- Fugl og kraftledninger. NVE rapport 27/ 2011.
- Fugler og kraftledninger – metoder for å redusere risikoen for kollisjoner og elektrokusjon. NOF rapport 2/2004.
- Veileder om funksjonskrav i kraftsystemet (FIKS), Statnett 2012.
- Visuelle virkninger av transformatorstasjoner, NVE rapport 63/2012.
- Etablering av nye energianlegg og forholdet til plan- og bygningsloven, NVE.



NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat

.....

MIDDELTHUNSGATE 29
POSTBOKS 5091 MAJORSTUEN
0301 OSLO
TELEFON: (+47) 22 95 95 95